

## GODT NYTT ÅR I UNGDOMSSKULEN!

Etter å ha følgt sonen vår og venene hans gjennom grunnskulen og vidaregåande vil eg rope 5 varsku, fyrst og fremst om ungdomsskulen.

Mottoet til skulen her i bygda sier nesten alt om kva ein god skule skal vere: «Lære for å møte verden». Eg trur at dyktige lærarar blir hemma av to andre motto: «Lære for å få gode karakterar» og «teori er alvor, dugleik er lek». Undomsskulelærarane bygger relasjonar og godt klasse miljø, men står dagleg i eit dilemma: kven skal eg undervise for i dag - dei elevane som treng repetisjon eller dei som treng større faglege utfordringar?

Alt vi kaller samfunnskriser, frå klima- til fastlegekrise, har årsak i mangel på klok leiing, djup innsikt og samarbeidsevne. Arbeidslivet, politikken og privatlivet krev trygg leiing på alle nivå i ei kompleks verd. Eg trur ikkje alle årets fyrsteklassingar er klare for å «leie verda» om 15-20 år. Ungdom som i dag slit psykisk skal om nokre år leve i ei klimanøytral og utslippsfri verd, takle ekstremvær, reparere, gjenbruke og produsere lokalt i sirkulær økonomi, finansiere og ta seg av alle dei gamle, finne opp nye tekniske løysingar, fø fleire ungar og bu i distrikta. Eg er redd ungdomsskulen i dag produserer vinnarar og taparar, i staden for å bygge opp kvar enkelt elev med tilpassa oppgåver og meistring i trygge rammer. Fråfall i vidaregåande har rota si i ungdomsskulen.

Marianne Martinsen krevde i Aftenposten 07.11.2021 at den nye regjeringa måtte tenkje nytt kring korleis vi hjelper ungdom til å «finne plassen sin i samfunnet» slik at dei slepp å få ein diagnose. Ingenting er skjedd.

### 1. Meistring og differensiering

Meistring gir motivasjon, framgang og bygger sjølvverd. Eg vil si det er det viktigaste målet i skulekvardagen. Alle veit kva ekte meistringskjensle gjer med oss. Det er ikkje gode karakterar som gir meistring, men det å skjønne og få til noko ein har lyst til å få til. Her i bygda, kor dei fleste ungdomane tek fagutdanning, får dei som har teke traktorlappen køyre traktor i 17. maitoget. Det er stas. Stikkordet er progresjon. For å meistre ei oppgåve må ein ha tilstrekkeleg grunnlag å bygge vidare på, slik Lied-utvalets NOU «Rett til å mestre» peiker på. Stoltenberg-utvalets NOU om kjønnsforskjeller i skulen peiker mellom anna på forskning som viser at elevar med låge karakterar lærer betre i valfaga enn i obligatoriske fag. For vanskelege oppgåver er meningslause, for enkle er keisame. Det er på ungdomsskulen elevane i norske klasserom har størst variasjon i faggrunnlag og interesse, samstundes som dei er i ein alder der dei forskar i kven dei er, i talentane og interessene sine. Pensum på 10. trinn er jo like avansert for alle! Det trengst meir valfritt tilleggsstoff og differensiering i matte, norsk og engelsk.

### 2. Overgangane

Overgangane er gradvis meir krevjande, frå barnehage til skule, til mellomtrinnet, ungdomsskulen, vidaregåande og høgare utdanning. Det er spesielt viktig å førebu og støtte kvar elev i desse overgangane. Eg meiner 10. trinn må definerast som eit heilt spesielt overgangsår, med heilt spesiell struktur. Stikkordet her er tryggleik. Det må vere rom for eksperimentering, og mykje meir differensiering og valfag dette året, slik det er på vidaregåande. God yrkesretteleiing er dessutan avgjerande. Ved dei store byskulane får nokre utvalde elevar i dag tilbod om sjølstudium i matematikkpensum T1, mens dei som ikkje får dette tilbodet får det tøft når dei møter T1 året etter. Dette systemet er utrettvist og må endrast, både praktisk og teoretisk matematikkpensum på 10. trinn.

### 3. Likestilling av teoretiske og praktiske fag i ungdomsskulen

Elevar med interesse for praktisk arbeid har altfor lenge gått for lut og kaldt vatn i ungdomsskulen. Dei bit tennene saman, og venter til vidaregåande. Ungdomsskulen er teoretisk i alle fag. Arbeidslivsfag har lite innhald, korkje rom eller utstyr, og for låg status. Det er for lite meistring for dei elevane som seinare skal utføre alle dei praktiske jobbane. Samfunnet treng innovative, kreative fagfolk og entreprenørar som kan produsere lokalt i heile

landet. Reparasjon og sirkulær økonomi har fått ny verdi. At ein del elevar arvar foreldra si interesse for handverk er jo bra! Det er alt mangel på fagfolk. Men korleis vel ein mellom tømmer-, frisør og helsefag når ein ikkje har grunnlag frå ungdomsskulen? I Sveits har dei til dømes lukkast med sterke fagutdanningar. I nesten alle land starter yrkesutdanning tidlegare enn i Norden. Ungdomsskulen vår har faktisk røtene sine i DDR-skulen, der kommunistisk likheitsidealisme var styrande. Det er på tide å innsjå at det er ein tvangstanke, samstundes som vi hegner om fellesskulen.

#### **4. Hjelp elevar med dysleksi**

I nesten alle fag er det viktig å forstå tekst, og skrive tekst. Pisa-testane viser i dei fleste landa at nesten 10% av elevane ikkje er i stand til å forstå innhaldet i ein tekst. Det er enda vanskelegare for elevar med dysleksi. Det er urettvist for dei det gjeld, og alle veit at det er hjelp og støtte frå kompetente vaksne med god tid som mangler.

#### **5. Karaktersystemet på ungdomsskulen er paradoksalt avleggs**

Det er eit paradoks at vi foreldre oppdreg ungane våre til å bli den beste utgåva av seg sjølv og vinnarar per definisjon, og at arbeids- og samfunnslivet krev eit stort mangfald av kompetanse, samstundes som ungdomsskulen stempler alle etter ein snever karakterskala i pensum som er obligatoriske for alle? Det er stort karakterpress i ungdomsskulen, og mykje skamkjensle knytt til karakterane. Vi hadde neppe begynt med karakterar hvis systemet ikkje var etablert. Mange foreldre sier at ungane deira ikkje passer inn i skulen, for dei likar gym og kunst og handverk. Denne stemplinga verkar avleggs og kontraproduktiv! Låge karakterar er eit symptom på for lite meistring, og at eleven ikkje hadde fagleg grunnlag og motivasjon for oppgåva. Alt for mange dett av det faglege lasset frå 8. til 10. trinn og blir stempla og såra av karakterskalaen. Eg trur vi kan redusere karakterbruken mykje. Det blir hevda at det vil skape vansker for opptak til vidaregåande, men kven har sagt at alle emne må telle med i karaktersummen? Dette er «kald kaffe». Psykologi-kunnskapen fins, men er ikkje integrert i skulen.

Det er etablert eit kunstig skilje mellom høgre- og venstresida i skulepolitikken, der høgresida roper «kunnskap, konkurranse og testing», mens venstresida roper «fellesskolen, fellesskolen, fellesskolen». Den slagordprega skyttergravsdebatten får ekstra alvorlege konsekvensar i ungdomsskulen. Visst vil reformane koste, men vi har heller ikkje råd til å sløse bort talentane, og det kan gjere ungdomsskulen til ein meir attraktiv arbeidsplass. Det er naturleg at det er vi føresette som må reise desse spørsmåla, for vi representerer òg elevane. Lærarane er juridisk bundne og treng mat på bordet. Dessutan trengs det i eventyret eit barn for å si høgt at keisaren ikkje har kler på.